

KOMMISJONSDIREKTIV 2008/62/EF

2014/EØS/32/20

av 20. juni 2008

om visse unntak for godkjenning av landsortar av jordbruksvekstar og andre sortar som er naturleg tilpassa dei lokale og regionale tilhøva og truga av genetisk erosjon, og om marknadsføring av frø og setjpoteter av slike landsortar og andre sortar(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til rådsdirektiv 2002/57/EF av 13. juni 2002 om marknadsføring av frø fra olje- og fibervekster⁽⁶⁾, særleg artikkel 27 nr. 1 bokstav b), og

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

ut frå desse synsmåtane:

med tilvising til rådsdirektiv 66/401/EØF av 14. juni 1966 om marknadsføring av frø fra fôrvekster⁽¹⁾, særleg artikkel 22a nr. 1 bokstav b),

- 1) Spørsmåla om biologisk mangfald og vern av plantegenetiske ressursar er vortne stadig viktigare dei seinare åra, noko som utviklinga på internasjonalt plan og fellesskapsplan viser. Døme på dette omfattar rådsbeslutning 93/626/EØF av 25. oktober 1993 om inngåelse av konvensjonen om biologisk mangfold⁽⁷⁾, rådsbeslutning 2004/869/EF av 24. februar 2004 om inngåelse på vegne av Det europeiske fellesskap av den internasjonale traktaten om plantegenetiske ressursar innen ernæring og landbruk⁽⁸⁾, rådsforordning (EF) nr. 870/2004 av 24. april 2004 om innføring av et fellesskapsprogram for bevaring, beskrivelse, innsamling og bruk av genetiske ressursar i landbruket og om oppheving av forordning (EF) nr. 1467/94⁽⁹⁾ og rådsforordning (EF) nr. 1698/2005 av 20. september 2005 om støtte til utvikling i landdistriktene fra Det europeiske fond for utvikling av landdistriktene (EAFRD)⁽¹⁰⁾. Det bør fastsetjast særlege vilkår i medhald av fellesskapsregelverket for marknadsføring av frø frå jordbruksvekstar, det vil seie direktiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 2002/53/EF, 2002/54/EF, 2002/56/EF og 2002/57/EF, for å ta omsyn til desse spørsmåla.

med tilvising til rådsdirektiv 66/402/EØF av 14. juni 1966 om marknadsføring av såkorn⁽²⁾, særleg artikkel 22a nr. 1 bokstav b),

med tilvising til rådsdirektiv 2002/53/EF av 13. juni 2002 om den felles sortsliste for jordbruksvekster⁽³⁾, særleg artikkel 4 nr. 6, artikkel 20 nr. 2 og artikkel 21,

- 2) For å sikre vern på staden og berekraftig bruk av plantegenetiske ressursar bør landsortar og andre sortar som er naturleg tilpassa dei lokale og regionale tilhøva og truga av genetisk erosjon (heretter kalla «verneverdige sortar»), dyrkast og marknadsførast sjølv om dei ikkje oppfyller dei allmenne krava til godkjenning av sortar og marknadsføring av frø og setjpoteter. For å nå dette målet er det naudsynt å gjere unntak for godkjenning av verneverdige sortar slik at dei kan førast opp i den nasjonale sortslista for jordbruksvekstar, og for produksjon og marknadsføring av frø og setjpoteter av desse sortane.

med tilvising til rådsdirektiv 2002/54/EF av 13. juni 2002 om marknadsføring av betefrø⁽⁴⁾, særleg artikkel 30 nr. 1 bokstav b),

med tilvising til rådsdirektiv 2002/56/EF av 13. juni 2002 om marknadsføring av settepoteter⁽⁵⁾, særleg artikkel 10 nr. 1 og artikkel 27 nr. 1 bokstav b),

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunnjort i EUT L 162 av 21.6.2008, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 25/2009 av 17. mars 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 28, 28.5.2009, s. 12.

⁽¹⁾ TEF L 125 av 11.7.1966, s. 2298/66. Direktivet sist endra ved kommisjonsdirektiv 2007/72/EF (TEU L 329 av 14.12.2007, s. 37).

⁽²⁾ TEF L 125 av 11.7.1966, s. 2309/66. Direktivet sist endra ved kommisjonsdirektiv 2006/55/EF (TEU L 159 av 13.6.2006, s. 13).

⁽³⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 1. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1829/2003 (TEU L 268 av 18.10.2003, s. 1).

⁽⁴⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 12. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/117/EF (TEU L 14 av 18.1.2005, s. 18).

⁽⁵⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 60. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2005/908/EF (TEU L 329 av 16.12.2005, s. 37).

⁽⁶⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 74. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/117/EF.

⁽⁷⁾ TEF L 309 av 13.12.1993, s. 1.

⁽⁸⁾ TEU L 378 av 23.12.2004, s. 1.

⁽⁹⁾ TEU L 162 av 30.4.2004, s. 18.

⁽¹⁰⁾ TEU L 277 av 21.10.2005, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 146/2008 (TEU L 46 av 21.2.2008, s. 1).

- 3) Disse unntaka bør omfatte dei grunnleggjande krava til godkjenning av ein sort og dei krava til sakshandsaming som er fastsette i kommisjonsdirektiv 2003/90/EF av 6. oktober 2003 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstar⁽¹⁾.
- 4) Medlemsstatane bør særleg få løyve til å vedta sine eigne føresegnar om sjølvstende, stabilitet og innbyrdes samsvar. Med omsyn til sjølvstende og stabilitet bør desse føresegnene minst byggje på dei eigenskapane som er førde opp i det tekniske spørjeskjemaet som søkjaren skal fylle ut i samband med søknaden om sortsgodkjenning, i samsvar med vedlegg I og II til direktiv 2003/90/EF. Når innbyrdes samsvar vert fastslått på grunnlag av avvikande typar, bør føresegnene byggje på fastsette standardar.
- 5) Det bør fastsetjast krav til sakshandsaming som gjer det mogleg å godkjenne ein sort utan offentleg gransking. Når det gjeld namn, bør det dessutan gjerast visse unntak frå dei krava som er fastsette i direktiv 2002/53/EF og kommisjonsforordning (EF) nr. 930/2000 av 4. mai 2000 om fastsetjing av gjennomføringsreglar med omsyn til kor eigna sortsnamna til planteartar til jordbruksfremål og grønsakartar er⁽²⁾.
- 6) Med omsyn til produksjon og marknadsføring av frø og setjpoteter av verneverdige sortar bør det gjerast unntak frå kravet om offisiell klassifisering.
- 7) For å sikre at marknadsføring av frø og setjpoteter av verneverdige sortar skjer med sikte på å verne plantegenetiske ressursar bør det fastsetjast restriksjonar, særleg med omsyn til opphavsregionen. For å medverke til vern på staden og berekraftig bruk av desse sortane bør medlemsstatane ha høve til å godkjenne ytterlegare regionar der frø som overstig dei mengdene som er naudsynte for å sikre vernet av den aktuelle sorten i opphavsregionen, kan marknadsførast dersom desse ytterlegare regionane kan jamførast med omsyn til naturlege og delvis naturlege habitat. For å sikre at tilknytninga til opphavsregionen vert halden ved lag bør ikkje dette gjelde dersom ein medlemsstat har godkjent ytterlegare regionar for produksjon.
- 8) Det bør fastsetjast ei største mengd for marknadsføring av kvar verneverdige sort innanfor ein art, og ei samla største mengd for alle verneverdige sortar til saman innanfor arten. For å sikre at desse mengdegrensene vert etterlevde bør medlemsstatane krevje at produsentane melder frå om kor mykje dei aktar å produsere, og dei bør fordele mengdene på produsentane.
- 9) Sporing av frø og setjpoteter bør sikrast gjennom eigna krav til forsegling og merking.
- 10) For å sikre at dei reglane som er fastsette i dette direktivet, vert nytta på korrekt måte, bør frøavlingar overvakast, frøa bør analyserast og det bør gjennomførast offentleg etterkontroll. Mengda av frø frå verneverdige sortar som vert marknadsførde, bør rapporterast av leverandørane til medlemsstatane og av medlemsstatane til Kommissjonen.
- 11) Etter tre år bør Kommissjonen vurdere om dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, særleg føresegnene som gjeld kvantitative restriksjonar, er effektive.
- 12) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

KAPITTEL I

MÅL OG DEFINISJONAR

Artikkel 1

Mål

1. Med omsyn til dei jordbruksvekstane som er omfatta av direktiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 2002/54/EF, 2002/56/EF og 2002/57/EF, er det fastsett visse unntak i dette direktivet når det gjeld vern på staden og berekraftig bruk av plantegenetiske ressursar gjennom dyrking og marknadsføring:

- a) når det gjeld godkjenning av oppføring i dei nasjonale sortslistene for jordbruksvekstar, slik det er fastsett i direktiv 2002/53/EF, av landsortar og andre sortar som er naturleg tilpassa dei lokale og regionale tilhøva og truga av genetisk erosjon,

⁽¹⁾ TEU L 254 av 8.10.2003, s. 7. Direktivet sist endra ved direktiv 2007/48/EF (TEU L 195 av 27.7.2007, s. 29).

⁽²⁾ TEF L 108 av 5.5.2000, s. 3. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 920/2007 (TEU L 201 av 2.8.2007, s. 3).

- b) når det gjeld marknadsføring av frø og setjepoteter av slike landsortar og andre sortar.

2. Dersom det ikkje er fastsett noko anna i dette direktivet, skal direktiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 2002/53/EF, 2002/54/EF, 2002/56/EF og 2002/57/EF nyttast.

Artikkel 2

Definisjonar

I dette direktivet tyder:

- a) «vern på staden» vern av genetisk materiale i dei naturlege omgjevnadene sine og, med omsyn til dyrka planteartar, i det jordbruksmiljøet der dei har utvikla dei særskilde eigenskapane sine,
- b) «genetisk erosjon» tap av genetisk mangfald mellom og innanfor populasjonar eller sortar av same art over tid, eller reduksjon av det genetiske grunnlaget til ein art som følgje av menneskelege inngrep eller miljøendringar,
- c) «landsort» ei gruppe populasjonar eller klonar av planteartar som er naturleg tilpassa miljøtilhøva i regionen sin,
- d) «frø» frø og setjepoteter, med mindre setjepoteter er uttrykkjeleg utelatne.

KAPITTEL II

GODKJENNING AV VERNEVERDIGE SORTAR

Artikkel 3

Verneverdig sort

Medlemsstatane kan i dei nasjonale sortslistene for planteartar til jordbruksføremål godkjenne dei landsortane og andre sortane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1 bokstav a), på det vilkåret at krava i artikkel 4 og 5 er oppfylte. I dei nasjonale sortslistene for planteartar til jordbruksføremål skal slike landsortar eller andre sortar kallast «verneverdige sortar».

Artikkel 4

Grunnleggjande krav

1. For å verte godkjend som ein verneverdig sort må ein landsort eller annan sort som er nemnd i artikkel 1 nr. 1 bokstav a), vere interessant med omsyn til vern av plantegenetiske ressursar.

2. Som eit unntak frå artikkel 1 nr. 2 i direktiv 2003/90/EF kan medlemsstatane vedta sine egne føresegner med omsyn til sjølvstendet, stabiliteten og det innbyrdes samsvaret til verneverdige sortar.

I slike tilfelle skal medlemsstatane sikre at det for sjølvstende og stabilitet skal gjelde minst dei eigenskapane som er nemnde i

- a) dei tekniske spørjeskjemaa som er knytte til prøvingsprotokollane til Administrasjonsrådet for plantesortskontoret til Fellesskapet (CPVO), som er førde opp i vedlegg I til direktiv 2003/90/EF og som gjeld for desse artane, eller
- b) dei tekniske spørjeskjemaa i dei rettleiande prinsippa til Den internasjonale unionen for vern av nye plantesortar (UPOV), som er førde opp i vedlegg II til direktiv 2003/90/EF og som gjeld for desse artane.

Ved vurderinga av innbyrdes samsvar skal direktiv 2003/90/EF nyttast.

Dersom nivået for innbyrdes samsvar vert fastsett på grunnlag av avvikande typar, skal det nyttast ein populasjonsstandard på 10 % og ei sannsynleg godkjenning på minst 90 %.

Artikkel 5

Krav til sakshandsaming

Som eit unntak frå det første punktumet i artikkel 7 nr. 1 i direktiv 2002/53/EF skal det ikkje krevjast ei offentleg granskning dersom følgjande opplysningar utgjer eit tilstrekkeleg grunnlag for godkjenning av dei verneverdige sortane:

- a) karakteristikken av den verneverdige sorten og sortsnamnet,
- b) resultata av forsøk som ikkje er offentlege,
- c) kunnskap som er oppnådd ved praktiske røynsler under dyrking, øksling og bruk, og som søkjaren har meldt frå om til den medlemsstaten som det gjeld,
- d) andre opplysningar, særleg frå styresmakter med ansvar for plantegenetiske ressursar, eller frå organisasjonar som er godkjende av medlemsstatane for dette føremålet.

*Artikkel 6***Utelukking frå godkjenning**

Ein verneverdig sort skal ikkje godkjennast for oppføring i dei nasjonale sortslistene dersom

- a) han allereie er førd opp i den felles sortslista for jordbruksvekstar som ein sort som ikkje er verneverdig, eller dersom han vart sletta frå den felles lista i dei siste to åra, eller i dei siste to åra etter at fristen som er fastsett i medhald av artikkel 15 nr. 2 i direktiv 2002/53/EF, gjekk ut, eller
- b) han er verna av ein plantesortsrett i Fellesskapet slik det er fastsett i rådsforordning (EF) nr. 2100/94⁽¹⁾, eller av ein nasjonal plantesortsrett, eller ein søknad om ein slik rett er under handsaming.

*Artikkel 7***Sortsnamn**

1. Med omsyn til namn på verneverdige sortar som var kjende før 25. mai 2000, kan medlemsstatane gje unntak frå forordning (EF) nr. 930/2000, med mindre slike unntak er i strid med eldre rettar som tredjemann har, og som er verna i medhald av artikkel 2 i den forordninga.
2. Utan at det rører ved artikkel 9 nr. 2 i direktiv 2002/53/EF, kan medlemsstatane godkjenne fleire enn eitt namn på ein sort dersom dei aktuelle namna er historisk kjende.

*Artikkel 8***Opphavsregion**

1. Når ein medlemsstat godkjenner ein verneverdig sort, skal han identifisere den eller dei regionane der sorten historisk er vorten dyrka og der han er naturleg tilpassa, heretter kalla «opphavsregion». Medlemsstaten skal ta omsyn til andre opplysningar frå styresmakter med ansvar for plantegenetiske ressursar, eller frå organisasjonar som medlemsstatane har godkjent for dette føremålet.

Dersom opphavsregionen ligg i fleire enn ein medlemsstat, skal regionen identifiserast av alle dei medlemsstatane som det gjeld, ved ei felles avtale.

2. Den eller dei medlemsstatane som utfører identifiseringa av opphavsregionen, skal melde frå til Kommisjonen om den identifiserte regionen.

*Artikkel 9***Sortsvedlikehald**

Medlemsstatane skal sikre at ein verneverdig sort vert halden ved like i opphavsregionen sin.

KAPITTEL III

PRODUKSJON OG MARKNADSFØRING AV FRØ*Artikkel 10***Klassifisering**

1. Som eit unntak frå dei krava til klassifisering som er fastsette i artikkel 3 nr. 1 i direktiv 66/401/EØF, artikkel 3 nr. 1 i direktiv 66/402/EØF, artikkel 3 nr. 1 i direktiv 2002/54/EF, artikkel 3 nr. 1 i direktiv 2002/56/EF og artikkel 3 nr. 1 i direktiv 2002/57/EF, kan medlemsstatane fastsetje at frø frå ein verneverdig sort kan bringast i omsetning dersom dei oppfyller krava i nr. 2, 3 og 4 i denne artikkelen.

2. Frøa skal stamme frå frø som er produserte i samsvar fastsett praksis for vedlikehald av sorten.

3. Frøa skal, bortsett frå frø frå *Oryza sativa*, oppfyller dei krava til klassifisering av sertifiserte frø som er fastsette i direktiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 2002/54/EF, 2002/56/EF og 2002/57/EF, bortsett frå krava med omsyn til minste sortsreinleik og krava til offentlege undersøkingar eller undersøkingar under offentleg tilsyn.

Frø frå *Oryza sativa* skal oppfyller dei krava til klassifisering av «sertifiserte frø av andre generasjon» som er fastsette i direktiv 66/402/EØF, bortsett frå krava med omsyn til minste sortsreinleik og krava til offentlege undersøkingar eller undersøkingar under offentleg tilsyn.

Frøa skal ha tilstrekkeleg sortsreinleik.

4. Med omsyn til setjepoteter kan medlemsstatane fastsetje at artikkel 10 i direktiv 2002/56/EF som gjeld storleik, ikkje skal nyttast.

*Artikkel 11***Regionar for frøproduksjon**

1. Medlemsstatane skal sikre at frø frå ein verneverdig sort berre kan produserast i opphavsregionen.

⁽¹⁾ TEF L 227 av 1.9.1994, s. 1.

Dersom dei krava til klassifisering som er fastsette i artikkel 10 nr. 3, ikkje kan oppfyllest i denne regionen på grunn av eit spesifikt miljøproblem, kan medlemsstatane godkjenne ytterlegare regionar for frøproduksjon, samstundes som det vert teke omsyn til opplysningar frå styresmakter med ansvar for plantegenetiske ressursar eller frå organisasjonar som er godkjende for dette føremålet av medlemsstatane. Frø som er produserte i desse ytterlegare regionane, kan berre nyttast i opphavsregionane.

2. Medlemsstatane skal melde frå til Kommissjonen og dei andre medlemsstatane om dei ytterlegare regionane som dei aktar å godkjenne for frøproduksjon i medhald av nr. 1.

Kommissjonen og dei andre medlemsstatane kan innan 20 vrykedagar etter at dei har motteke ei slik melding, be om at saka vert send over til Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk. Dersom det er naudsynt, skal det gjerast vedtak i samsvar med høvesvis artikkel 22a nr. 1 bokstav b) i direktiv 66/401/EØF, artikkel 22a nr. 1 bokstav b) i direktiv 66/402/EØF, artikkel 4 nr. 6, artikkel 20 nr. 2 og artikkel 21 i direktiv 2002/53/EF, artikkel 30 nr. 1 bokstav b) i direktiv 2002/54/EF, artikkel 10 nr. 1 og artikkel 27 nr. 1 bokstav b) i direktiv 2002/56/EF og artikkel 27 nr. 1 bokstav b) i direktiv 2002/57/EF for å fastsetje restriksjonar eller vilkår for utpeiking av slike regionar.

Dersom verken Kommissjonen eller andre medlemsstatar legg fram ein førespurnad i medhald av andre leddet, kan den aktuelle medlemsstaten godkjenne dei ytterlegare regionane for frøproduksjon som han har meldt frå om.

Artikkel 12

Frøkontroll

1. Medlemsstatane skal sikre at det vert utført kontrollar for å undersøkje om frø frå verneverdige sortar oppfyller dei krava til klassifisering som er fastsette i artikkel 10 nr. 3.

Slike kontrollar skal utførast i samsvar med gjeldande internasjonale metodar eller, dersom slike metodar ikkje finst, i samsvar med andre eigna metodar.

2. Med omsyn til dei kontrollane som er nemnde i nr. 1, skal medlemsstatane syte for at prøvene vert tekne frå einsarta parti. Dei skal syte for at dei reglane for vekta til partia og prøvene som er fastsette i artikkel 7 nr. 2 i direktiv 66/401/EØF, artikkel 7 nr. 2 i direktiv 66/402/EØF, artikkel 9 nr. 2 i direktiv 2002/54/EF og artikkel 9 nr. 2 i direktiv 2002/57/EF, vert nytta.

Artikkel 13

Vilkår for marknadsføring

1. Medlemsstatane skal sikre at frø frå ein verneverdig sort berre kan produserast på følgjande vilkår:

a) frøa er produserte i opphavsregionen sin eller i ein slik region som er nemnd i artikkel 11,

b) marknadsføringa finn stad i opphavsregionen til frøa.

2. Som eit unntak frå nr. 1 bokstav b) kan ein medlemsstat godkjenne ytterlegare regionar på sitt eige territorium med sikte på marknadsføring av frø frå ein verneverdig sort dersom desse regionane kan jamførast med opphavsregionen med omsyn til naturlege og delvis naturlege habitat.

Dersom medlemsstatar godkjenner slike ytterlegare regionar, skal dei sikre at den mengda frø som er naudsynt for å produsere minst den mengda som er nemnd i artikkel 14, vert sett av til vern av sorten i opphavsregionen.

Medlemsstatane skal melde frå til Kommissjonen og dei andre medlemsstatane om godkjenninga av slike ytterlegare regionar.

3. Dersom ein medlemsstat godkjenner ytterlegare regionar for frøproduksjon i samsvar med artikkel 11, skal han ikkje nytte det unntaket som er fastsett i nr. 2 i denne artikkelen.

Artikkel 14

Kvantitative restriksjonar

Kvar medlemsstat skal sikre at mengda av marknadsførde frø frå kvar verneverdige sort ikkje overstig 0,5 % av dei frøa frå same art som vert nytta i medlemsstaten i ein vekstsesong, eller den mengda som er naudsynt for å så 100 hektar, dersom den siste mengda er størst. Med omsyn til artane *Pisum sativum*, *Triticum* spp., *Hordeum vulgare*, *Zea mays*, *Solanum tuberosum*, *Brassica napus* og *Helianthus annuus* skal denne mengda ikkje overstige 0,3 %, eller den mengda som er naudsynt for å så 100 hektar, dersom den siste mengda er størst.

Den samla mengda frø frå verneverdige sortar som vert marknadsført i kvar medlemsstat, skal utgjere høgst 10 % av frø frå den aktuelle sorten som vert nytta årleg i medlemsstaten. Dersom dette fører til ei mengd som er mindre enn den som skal til for å så 100 hektar, skal den største mengda av frø frå den aktuelle arten som vert nytta årleg i medlemsstaten, aukast for å nå den mengda som er naudsynt for å så 100 hektar.

*Artikkel 15***Bruk av kvantitative restriksjonar**

1. Medlemsstatane skal sikre at produsentane før starten på kvar vekstsesong melder frå om storleiken på frøproduksjonsområdet og kor dette området ligg.
2. Dersom det på grunnlag av dei meldingane som er nemnde i nr. 1, er sannsynleg at dei mengdene som er fastsette i artikkel 14 vert overskridne, skal medlemsstatane tildele kvar produsent som det gjeld, den mengda som produsenten kan marknadsføre i den aktuelle vekstsesongen.

*Artikkel 16***Overvaking av frøavlingar**

Medlemsstatane skal ved offentleg overvaking sikre at frøavlingane frå ein verneverdig sort oppfyller føresegnene i dette direktivet, samstundes som det vert lagt særleg vekt på sorten, staden for frøproduksjonen og mengdene.

*Artikkel 17***Forsegling av emballasje og behaldarar**

1. Medlemsstatane skal sikre at frø frå verneverdige sortar berre vert marknadsførde i lukka emballasje eller behaldarar med forsegling.
2. Emballasje og behaldarar med frø skal forseglast av leverandøren på ein slik måte at dei ikkje kan opnast utan at forseglinga vert skadd, eller utan synleg påverknad på etiketten til leverandøren eller på emballasjen eller behaldaren.
3. For å sikre at forseglinga skjer i samsvar med nr. 2, skal forseglingsmekanismen minst omfatte etiketten eller ei forsegling.

*Artikkel 18***Merking**

Medlemsstatane skal sikre at emballasje eller behaldarar med frø frå verneverdige sortar er påførde ein etikett frå leverandøren eller ei trykt eller stempla påskrift med følgjande opplysningar:

- a) orda «EFs reglar og standardar»,
- b) namnet og adressa til den personen som er ansvarleg for påføring av etikettane, eller identifikasjonsmerket til denne personen,
- c) forseglingsåret, uttrykt på følgjande måte: «forsegla...» (år) eller, bortsett frå for setjpoteter, året for den siste prøvetakinga med sikte på den siste analysen av spireevne, uttrykt på følgjande måte: «prøve teken...» (år),

d) art,

e) namnet på den verneverdige sorten,

f) orda «verneverdig sort»,

g) opphavsregionen,

h) regionen for frøproduksjonen, dersom denne er ein annan enn opphavsregionen,

i) referansenummeret til partiet, gjeve av den personen som er ansvarleg for påføring av etikettane,

j) netto- eller bruttovekta som er oppgjeven eller, bortsett frå for setjpotetar, talet på frø som er oppgjeve,

k) ved oppgjeving av vekt og ved bruk av granulerte plantevernemiddel, pilleringsmiddel og andre tilsetjingsstoff i fast form, type kjemisk handsaming eller tilsetjingsstoff og det tilnærma høvet mellom vekta av frøklynger av reine frø og den samla vekta, bortsett frå når det gjeld setjpoteter.

*Artikkel 19***Offentleg etterkontroll**

Medlemsstatane skal sikre at frøa gjennomgår offentleg etterkontroll ved bruk av stikkprøver for å kontrollere sortsektelek og sortsreinleik.

KAPITTEL IV

ALLMENNE FØRESEGNAR OG SLUTTFØRESEGNAR*Artikkel 20***Rapportering**

Medlemsstatane skal sikre at leverandørar som driv verksemd på deira territorium, for kvar vekstsesong rapporterer den mengda frø frå kvar verneverdige sort som vert bringa i omsetning.

Medlemsstatane skal på oppmoding leggje fram for Kommissjonen og dei andre medlemsstatane ein rapport om den mengda frø frå kvar verneverdige sort som vert bringa i omsetning på deira territorium.

*Artikkel 21***Melding frå godkjende organisasjonar med ansvar for plantegenetiske ressursar**

Medlemsstatane skal melde frå til Kommissjonen om dei godkjende organisasjonane som er nemnde i artikkel 5 bokstav d), artikkel 8 nr. 1 og artikkel 11 nr. 1.

*Artikkel 22***Evaluering**

Innan 31. desember 2011 skal Kommissjonen evaluere gjennomføringa av artikkel 4, artikkel 13 nr. 2, artikkel 14 og artikkel 15.

*Artikkel 23***Innarbeiding i nasjonal lovgjeving**

1. Medlemsstatane skal innan 30. juni 2009 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende over til Kommissjonen teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell som viser samanhengen mellom desse føresegnene og føresegnene i dette direktivet.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

*Artikkel 24***Iverksetjing**

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*Artikkel 25***Adressatar**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 20. juni 2008.

For Kommissjonen

Androulla VASSILIOU

Medlem av Kommissjonen